

Sjå mottakarliste

Dato: 26.08.2014
Vår ref.: 2014/20190-1
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Høyring overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune – Høyring samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune

Fylkeskommunen sende 29.04.14 ut høyring om eventuell innføring av overgangsreglar mellom sentralane i Stord kommune til Stord Taxisentral og Leirvik Taxi. Svarfrist var 20. juni 2014. Berre Stord Taxisentral har svart.

Høyring om innføring av overgangsreglar mellom drosjesentralane på Stord.

Stord Taxisentral ynskjer at ledige løyve skal kunngjerast ledige utan særskilt sentraltilknytning, slik at det vert opp til den som får tildelt løyve å slutta seg til den sentralen han/ho ynskjer. Vidare meiner sentralen at det ikkje skal setjast tak på maks løyver i ein sentral og heller ikkje ei nedre grense.

Fylkeskommunen oppfattar svaret frå Stord Taxisentral slik at sentralen ynskjer konkurranse mellom sentralane om løyvehavarar og minst mogleg regulering av denne konkurransen. Dette tar me til etterretning. Vedlagt fylgjer utkast til overgangsreglar mellom sentralane for kommentar.

Høyring om samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune.

Fitjar Taxisentral er per i dag inaktiv og det er berre ein løyvehavar i Fitjar kommune. Han driv no eit bustadløyve. Det er i dag 3 ordinære drosjeløyve og eitt reserveløyve som er ledige i Fitjar, i tillegg er det eitt ledig drosjeløyve i kvar av dei to sentralane i Stord kommune.

Dårleg rekruttering av nye løyvehavarar og dei relativt små geografiske avstandande på Stord, gjer at fylkeskommunen no vurderer samanslåing av dei to køyreområda. Det er von om at ei samanslåing vil gje eit større marknadsgrunnlag og gjera drosjenæringa meir attraktiv.

Praktiske fylgjer av ei eventuell samanslåing vil vera at løyvehavar i Fitjar må slutta seg til ein av dei to sentralane i Leirvik, men ha stasjonering i Fitjar. Dagens køyrestriksjonar mellom køyreområda vert oppheva og alle løyvehavarar kan ta turar i dei to kommunane.

Me bed om sentralane og kommunane sine synspunkt på utkast til overgangsreglement samt til spørsmål om samanslåing av Stord og Fitjar kommune til eitt køyreområde. **Svarfrist er sett til 24. september 2014.**

På bakgrunn av svara vil det eventuelt bli utarbeidd saker for politisk handsaming av dei to spørsmåla.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Utkast til overgangsreglar

Adresseliste:

Leirvik Taxi

Stord Taxisentral

Svein Malvin Marås, Fitjar

Fitjar kommune

Stord kommune

Norges Taxiforbund avd. Hordaland